

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i adventstida – 09. desember 2012

Preiketekst: Joh 16,21-24

Første lesetekst: Jes 2,1-5

Andre lesetekst: Hebr 10,35-39

## Sjå fram mot fullendinga!

### Til dagen

Søndagane i advent har rike og utfordrande tekstar! Kvardagen kan likevel verka inn på korleis søndagen blir for oss! Mange stader i landet lyt fleire eller alle førjulshelgene nyttast til "dei faste postane"; lysmesser, konsertar og anna. Dette gjer det ofte vanskeleg å la advent koma skikkeleg til sin rett. Den einskilde søndagen har sitt særpreg, men det vert gjerne sausa saman i "så-går-vi-rundt-karusellen" som høyrer ventetida (?) til.

Det må likevel seiast: Jula er vår store sjanse som forkynnarar! Vel er det mykje sirkus, men me kan lura inn noko brød i møte med ofte store og opne forsamlingar!

Me får gleda oss over det me faktisk har, meir enn ergra oss over det me har tapt!

### Verdt ein fest

Andre søndagen i adventstida er etter sitt vesen *forventninga* sin søndag. Herrens kome er verdt ein fest, og Herrens fest verdt ei førebuing.

Sakleg handlar det i denne fiolette perioden om Herrens første, andre og tredje kome; den gongen, i dag og ein gong. Andre søndagen peikar fram mot gjenkomsten. Dèt er ikkje lett å ropa ut mot blafrande lys eller blank messing!

Men den som stig opp på stolen, får i det minste sjølv på førehand gå inn i bõtande stilla, slik at han har noko å gje dei oppskjorta julesinn!

### Til teksten / preika

Johannes er evangelisten mellom evangelistane! Han når til hjarto fordi han er varm, han rører ved tanken fordi han loddar djupt og han eggjar til tru fordi han inviterer til å ta imot (sjå Johannes sitt jule-evangelium i kap 1).

Evangeliestykket i dag er henta frå siste delen av Jesu jordeliv. Han varslar det som skal koma; lidning, død og oppstode. Ja, i dette ligg også eit varsel om både himmelferd og gjenkomst.

Vårt avsnitt let oss møta eit sterkt alvor: Jesus skal koma att. Før så skjer, skal Guds folk møta prøvingar. Men sorga skal vendast, som bonden pløyer for å kunna så og hausta! Ein dag kjem Han, og då er Riket her og Festen!

Bileta teksten nyttar, er universelle; smerte til fødsel, forløyising til glede.

## **Fødsel og fullending**

Guds frelsesplan er nettopp planmessig, som var det eit svangerskap. Tida kan opplevast lang og kanskje tung, men *det går vegen*, Herrens veg! I alt som skjer, dreier det seg om å sjå framover mot *fødselen*; fullendinga.

Herren har ikkje *magemål* på same måten som oss; livet skal veksa, fødselen mognast fram, fleire skal bli med – før tida er inne. Guds frelse skal ikkje forserast, eventuelt er det berre Han sjølv som kan gjera det.

Då tida var inne, kom han. Når tida er inne, kjem han. Det gjeld å halda fram og å halda ut!

*”Når min forløsning stunder til, jeg gledes vil / og løfter opp mitt hovud”*, syng Landstad.

For å få del i dette forløysande møtet, må den einskilde møta Han som kom. Englane song *om ei stor glede for alt folket*. I oppløpet får me leggja inn det som jula openberrar og som gjer den til høg-tid: Guds augneblink til forløsning, ”I dag er det født dykk ein Frelsar i Davids by, Han er Messias”.

Vil me ein gong møta Herren til evig frelse, lyt me først finna han som Barnet, søkja Han som Lammet og tilbe han som Herren.

## **Eit møte med Jesus**

Kanskje kan du som Guds angelos (bodberar) i dag få ropa ut Jesus som ”Gledens Herre”, som ein gong skal koma att. Kanskje skal du få privilegiet å rettleia unge og gamle i førjulsmodus: Guds lovnader står fast, sjå berre på Israel. Guds frelse skjer, sjå på berre på Jesus.

I alt det som vil overdøya Guds røyst, skal det skrivne og talte Ordet få be inn til møtet med Herren Jesus!

Gud vil opna sitt rike forråd, så gleda kan vera fullkomen!

Her møtest våre forventningar og Guds! Når då alle strøymer til kyrkje, skal forkynnaren la dei få møta ”Herrens tempelberg”, dit alle folkeslag (etter lovnaden) skal strøyma, sjå første lesetekst.

Det er vel også styrkande for nokon kvar av oss å dvela ved andre teksten denne dagen: *Kast ikkje bort frimodet dykkar! For det gjev stor løn. De treng tolmod, så de kan gjera Guds vilje og vinna det som er lova.*

## **Geir Paulsen**

Sokneprest i Luster. I mange år involvert og engasjert i arbeidet til Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane, som medlem og leiar av krinsstyret, frivillig forkynnar og på andre måtar.

[geir@kyrkja.luster.no](mailto:geir@kyrkja.luster.no)